

slik som i natt,
når lyngen og mosen
føles edderdunsmyk
under soveposen.

Da slapper du av,
lytter og venter,
slumrer litt
før søvnen deg henter.


— — —

Det er noe eget
ved rødmende glør
og det flakkende lys
fra en ild som dør!



Rien glitrer.

Cecil Collin-Hansen



I KJÆRE BYSJER OG MELLOM KJENTE TUVER

Av Jens Halstein Nygård

Br—r—r—r—! Velsigna telefon! Forbanna telefon! Begge delane like sanne. Men der — br—r—r—r—r—! Telefon-damene er energiske om du ikkje er på pletten og tar mikrofonen straks.

«Hallo! Er du der?»

«Ja, og er det du som er der?»

Det er min gamle venn tømmermålareren som er på tråden.

«Har du vori på jakt?» — «Å nei, det har nok ikkje vorti noko av det, diverre!» Det er nemleg dette med tida som flyg så forderveleg fort når ein er komen over 50-knekken. Og dette arbeidet som det blir meir og meir av. Og så dette med lemene som blir tregare og tyngre å få på glid. Det blir berre til at ein står og stirer opp mot dei høge fjell — som sæle Veslemøy hans Garborg — og stirer og drøymar og minnes haustdagane frå før krigen. —

Men så er det det at tømmermålareren har ei søt lita bikkje av blåaste blodet, som han gjerne vil trene. Og så undres han om det er bra med rype borte hos meg? Og om eg ikkje hadde lyst til å bli med han ein tur? Og det eine med det andre. Og så var det heradskasseraren som og gjerne hadde lyst på ein tur til fjells. Dette med skatteinnkrevjing kan jo vera litt trivielt i lengda. Så fjellet lok-





kar på han og. Og eg sjølv? Ja, eg er ein veik mann når freistingane sett hardt åt. Eg vil gjerne falle. — Falle djupt! — Og føre ein lang vinter på kateteret ville det kanskje ikkje vera dumt med litt fjell i sinnet. Og så dette med å sjå att dei bysjene og myrane

og tuvane og glendene ein tråva i før Terboven si tid, og finne att kvilestadene der ein dag etter dag kokte kaffi i den tomme blekkballboksen, som guten sa, og steike flesk på pinne.

Eg fall for freistinga. — Fall under full musikk!

Og så kom tømmermålararen og heradskasseraren fræsande på motorsykkel oppover bakkane til meg om laurdags ettermiddagen, med ei fin lita dame i ei kasse bak bakerste setet. Fin! Alle jegrar har fine hundar, merkeleg nok!


Og så blir det hands-shaking, — og studium av klenodiet bak i kassa. Men klenodiet rasar over jordbærbenkene, gjennom bærbuskene, inn på kjøkenet og utatt. Det buskute roret sopar ned koppar og saker og ting for husfrøya, — og støvskya står. Og rett som det er, skvett ho rett opp i brillene åt tømmermålararen, så han misser balansen og raver bakover. Ei energisk dame! Dette lovar godt!

Og så blir det kaffitår på kjøkenet. Og prat! Og planer. Og pakking og dividering. Og så — farvel sivilisasjon!

Vi marsjerer innover dalen etter setervegen. Det er seinhaust og kyrrt, men kaldt. Inne i daldolpene er sola borte, det er skugane som rår. Og skogen står tett på begge sidene. Gamle graner, «Det er vakkert her inne,» seier tømmermålararen. — Det er kvar sitt, veit du. Han ser kubikk og standard rundt kring seg. «Ja, det var mykje skog her,» meiner heradskasseraren. Han tenkjer på kommunefinansene.

Men kva så med «Liss»? — Ja, det held hardt for målararen å halde henne bak. Følt hardt! For det er spirit og innbitt energi i engelsksettarbikkja. Ho tråvar rundt i kring oss, så vi held på snuble i henne rett som det er. Det er ikkje råd å halde seg i ro når arbeidslysten er for sterk. Og naturen går gong på gong over den disiplinen målararen har prøvd å hamre inn i henne. Ho

stikk av frå vegen nokre alner rett som det er. Fleire og fleire alner. Det er som ho vil prøve kor langt over streken ho kan gå før det eine avgjerande «Bak!» lyder.




Men kva? — Tar sanneleg ikkje bikkja på å trekke bortover mot ein kragg i kanten av myra? Har du sett på maken? — Er det berre fantasi Liss, eller kva? — Vi kjem ruslande bortåt. Og der brakar det opp ein diger tiur frå grankraggen og flakser tungt bortover myra, — tungt — som eit fly som er for tungt lasta. Hagla flyg i tankeløyse halvt opp til aksla. Men takk — ho var ikkje ladd. — Da slår kollegaen frå viltnemnda i ein skrellande lått. — «Å nei at ikkje formannen i viltnemnda hadde krutt i børsa no!» — Dette var nemleg før 10. oktober. Og tiuren skulle ha fred til da. Enkelte gonger er lukka betre enn forstanden.

Men så er vi komne ovom skogbandet og er framme ved sætra åt skatteinnkrevjaren. Og dette var ikkje imot oss. For vegen var lang og dryg, — og bratt sistpå. Og det er ingen av oss som har tenkt på å delta i olympiademaratton. Vi har litt for mykje daukjøtt innabords alle tre til det.

Og så deler vi jobbane mellom oss. Tømmermålararen må sjølv-sagt sage og hogge ved. Eg tender i omnen, så det blir lys. Verten fjernar skodder, ordnar med lamper og rumsterar høgt og lågt for å finne att og finne fram, — gamle parafinlamper og koppar og krus og det eine med det andre.

Og så er det Lars som skal fram på omnen. Gamle, gamle vel-signa Lars, — sotut langt oppover koparen. Men kjærare for trøytt fjellvandraran di sotutare han er. Og så får han vatn og sundmalne kaffibønner frå eit eller anna varmt land innabords, og kjem på omnen. Og flammene tar til å kjæle kring han så det tar til å lage seg blærer nede på botnen, slik som tusentals fysikk-lærarar har dosert i tusentals klasserom.



Verten ordnar med sengkledda. Finn fram

feldar og puter. Og der trekker han opp av sekken nokre drivkvite putevar. Men da brøler tømmermålararen: «Vi skal ikkje ha nokon sivilisasjon her!!»

Med det same lurar Lars seg til å sende ein brun foss bortover omnen. Målararen høgg tak i Lars og slenger han opp. Og brenner seg! Og seier pene ord. Panna kjem fram, og så syddet og osar det frå fleskeskiver og eggekvite. Så et vi. Og så et vi enda meir. Så drikk vi kaffi. Sterk kaffi! Og så drikk vi enda meir kaffi. Eg kan helse at det smaka! Betre enn det flot-taste og finaste og beste restaurangen på Grand kan skaffe. Men dette veit du før. Likeeins veit du kor pipa smakar etterpå. Og du veit kva kvelden i hytta betyr. Kor han smakar.


Med ein på to, og ein ditto. Og ein liten kassino etterpå. Men vi er harde med bygga åt heradskasseraren. Tømmermålararen tar stikk så det sprakar. Han er vant til det.

Og så er vi ute på trammen før vi kvarar oss til kvelds. Det er kyrrt og stilt. Berre litt døyvd sus frå Hulta i dalbotnen ned for oss. Det teiknar bra for morgondagen. Den kalde austavinden frå Sylane og grensefjella har lagt seg til ro. Men over Trelsfjellet bak oss heng fullmånen. Det glitrar i snøfonnene i Vollfjellet og Grønfjellet på bortsida.

God natt!

Men det vart inga god natt. Det er vandt å få sova. Bikkja rykkjer i lemene og småpistrar i somnen. På veggen dunkar eit gaukeur jamt og jamt. Verten måtte apsolutt sette hjula i sving før han la seg. Forargelege gaukeur!

Tømmermålararen ligg saman med meg i senga. Han brukar vakre ord om gaukeuret. Eg prøver å rekne tikk-takk-a for å få somne, men gløymer snart rekninga. For eg ser myrar og bysjer og lier og tuver framfor meg. Og ei buskut bikkjerove som rykkjer til og stivnar. Og med slike syner er det ikkje godt å få somne. Men det er gaukeuret som irriterer kameraten min mest. Han kliv over meg og rusker i kronometeret



— og der blir det stilt. Dødsens stilt. Heradskasseraren var fornærma.

Og så God natt på nytt. Men det varer ikkje lenge. For der er heradskasseraren oppe på golvet. Og forsyne meg tender han ikkje lampa og tar til å rive av never og legg i omnen og kokar kaffi og steiker fiskekaker. Har du sett på maken! Er det uro for kommunefinansene som rir han som ein mare? Eller er det jaktfebereren som har tatt han? Eller er han sadist, og ikkje unner oss nokre minuttar bakafor stengde augnelokk og inne på draumemarkene?

«Skal de ha kaffi?»

«Tosk!»

God natt!


Men månen står høgt over dalen og sig vestover mot morgonen.

God morgon! Med klår himmel og bleik rand i aust. Men no er det fart på karane. Brødsnivene går dobbelt ned, og kaffien brenner seg fram nedover. Full fart på pakking av sekker og opprydding. Snart står vi på trammen med sekkene på, og geværa over aksla. Og så låser verten, og rykkjer i handtaket for å kjenne. Det er denne augneblinken vi har venta på.

Vi smyg oss fram gjennom tjukke småbjørka ovafor sætra. Og Liss er i fullt tråv. Men ho finn ikkje noko. Og glade kan vi vera. For skyte her? Eg har lagt att mykje hagl i denne skogen da og dei gongene da. Men da nådde ikkje bjørka lenger enn til aksla, og rypa måtte over, så da var det greit. Verre var det å finne att ho om ho måtte nedatt. Men no var skogen høgare.

Vi er glade vi kjem ovom. Og der kjem sola stikkande opp over Trelsfjellet. Og stilt er det. For ein velsigna dag! «Ja, dette blir ein fin dag, tømmermålar,» meiner eg. «Han blir ikkje fin åt meg kanskje?» mullar kasseraren. Kasseraren er prippen.

Snøflekken ligg tett oppi fjellet. Vi slår eit slag oppunder for å sjå om rypa har stukki til





gjells. Oppmed ein steindal jagar vi opp ein fjellrypekall. Vi snur.

Det går ei lang fjellbjørkremse ned på flåene nedafor fjellet. Ho vil vi sjå på.

Eg har hatt mang ein find stand med gamle «Pan» i denne bysja. Og Liss arbeider. På harde livet. Men der tar rova til å bli urolegare. Og bikkja tverkastar seg og smyg og snufser. Ja, her har dei vori, Liss! No må du finne dei! Og Liss prøver. På harde livet. Og rekkjer og smyg seg fram i riset. Gjer tverslag i vinden med nasen høgt i veret. Du er flink, Liss! Retteleg ei fin og flink frøken er du. Men du finn dei ikkje denne gongen. Du finn dei aldri der dei har eti frukosten sin. Men det er det ikkje å vente at du veit. Dertil er du for ung.

Eg kjenner dette fjellet. Eg har gått her mange haustar med gamle intelligente Pan og uintelligente «Falk». Eg veit kvar rypene plar ligge. Og vi ser om alle flekkene. Den fine daldolpa der oppe? — Nei, — ingenting! Steindalen? Nei! — Skogbysjene nordover mot Grobekkdalen? Nei! — Dette var merkeleg. Er verda snudd opp ned sidan førkrigstida? Ja, litt teft er det her og der i bysjene. Dei har vori her. Men no finn vi dei ikkje. Truleg har dei dratt opp i fjellet for å gøyme seg ved snøkantane.

Ja, da er det ein sjangse att: Bjørkbysjene oppover Trelsdaldalen oppover mot Kløftene. For der er rypa sikker om seinhausten. Der må vi finne ho. Vi stiltrar oss på islagte steinar over Grobekken og oppover bratta opp på ein haug! Men da seier kasseraren stopp. No må det vera kaffi.

Men det trekker opp til prestisjestridd mellom kasseraren og målararen. Kasseraren vil kveikje varmen oppe på haugen ved ein grankagg. Han vil ha sol og utsyn og turr grunn. Målararen vil ned i ei dolp der det er livd for haust-dalsnoen. Han har vond rygg. Tømmermålararen sigrar. Kasseraren leid prestisjetap. Hadde dette vori i Pan Mun Jom, hadde det ikkje vorti nokon kaffi. Da hadde kasseraren vorti sittande på haugen og målararen i dolpa. — Og så heng den svarte blekkboksen på kokkjeppen. Heilkornbrødsriver, flesk steikt i gloa, og sterk kaffi, — ja, nok

om det. Du veit det du som har prøvd det kor det smakar.

Og så pipa. Vi får lurt i Liss nokre brødsriver, men det går smått. Nervene er for oppjaga. Og over oss heng bleikblå hausthimmel. Svak solgangsbris.

Rein er det på alle rabbar og myrar. Langt nedafor Trelsdaldalen ser vi to reinar i tanande laup att og fram og i ring og opp og ned. Eit vanvittig jag, — eit villt flog over rabbane. — Er det paringsleik? Evige og evindelige Eros!

Men no må vi ta bjørkebysjene nordover dalen. Vi kliv over ein liten djup dal og opp bratta på bortsida. Og vel oppe, går eg og tømmermålararen oss beint på Liss som står stiv som ein statue midt i lia med nasen på skrå nedover. Kasseraren har klivi over dalen lenger nede, og held på å gå seg rett på standen. Han må ta ein omveg.

Og så — Avans! Ja, ja, det blir avans, men det går smått og usikkert. Liss får liksom ikkje tak på sakene. Og det er ikkje rart. For rett som det er suser rypa opp rett bak oss. Ho hadde kropi vekk og lura Liss og oss, den taska.

Vell! — Vell! — La gå att, Liss! Og Liss går. For full speed. Ei herleg bikkje til å gå. Passe utslag. God til å søke. Intelligent, ein draum for ein jeger.

Og så varer det ikkje lenge før det blir stand att. Og denne gongen fast. Tømmermålararen og eg kjem oss bak Liss. Kasseraren står på sida framfor Liss. Og så Avans! att. Men der tjuvstarta kasseraren med salutten. Han fekk sjå den kvitbrune høna nokre meter framafor nasen på Liss. Og så smell det. Og så har ikkje høna meir ho skal ha sagt. Men kasseraren hadde noko han fekk sagt.

Vidare. Og no går det ikkje langt mellom kvar gong Liss finn noko å lukte på. Men det er seinhaustes, og heilt sikker kan ein ikkje vera på at rypa trykker for Liss. Serleg er steggkallane nordover Kløftene leie. Dei skrattar åt oss beint fram. Ja,



desse steggane. Dei er som geitjer og ungar og fjordingar, — dei gjer alt det dei ikkje skal gjera, dei er alle stader der dei ikkje skal vera, og dei flyg alle stader der dei ikkje skal flyge.

Men nede i ei ny busje får vi atter ein fin stand. Heilt perfekt. Det er fleire. Eg får sendt ei ned i bakken. Kasseraren meiner å ta ein double, men tar begge løpa i ein gong. Det er ikkje bra. Det vart eg som hadde eitkvart eg fekk sagt den gongen.

Ja, vi fann rypa nordover mot Kløftene, som eg meinte. Det er her ho plar halde til seinhaustes. Men inne i ei av dei djupe kløftene har eg ein fin kvileplass, i god livd for all slags ver. Og her må blekkboksen fram att. Og flesket. Og det andre. Og ein spiss.

Ja, vi rike har det godt, som salig Elias Kræmmer seier.

Men det dreg utover dagen. Sola heng lågt nede. Vi har ho rett i augo der vi går nordover floane ut på ettermiddagen. Den velsigna sola. Men så innmari ekkel når ein skal skyte i kveldinga. For da flyg rypa rett mot sola. Og så står du der og ser hundre soler for augo. Ser ikkje anna enn soler. Ser inga rype. Aner berre at det glinsar i kvite venger. Og ei aning er ikkje noko å skyte etter.


Men no tar Liss til å stoppe opp så ofte. Stoppar og tar stand ei ørlita stund. Ofte. — Javell! Er det slik å forstå, Liss? Du er trøytta ja! Eg kjenner desse symptomene. Nei, nei. Vi skal ikkje vente meir. Du har tråva tappert i dag, Liss. Vi skal slett ikkje vente meir. Kom og ta det med ro no, frøken! Bak! — —

Så ruslar vi i ro og mak heim til middagen og middagskvila i mørkskyminga. For no heng sola lågt. Og brenn rosa i gult lauv og grå myrar og brune rabbar og snøflekker i høgfjellet. Men vi slit tungt i kneikene.

Og så er vi heime.

Men var så dette noko å skrive om? — Nei, ikkje noko serleg. Det er slikt som hender kvar haust. Og vil kome til å hende kvar haust så lenge det fins menn med fjell i sinnet. Nei, det var ikkje noko serleg. Berre ei lita helsing til deg frå fjell og fynne og vidder.

Evige fjell! —



UTVIDELSE AV STORERIKVOLLEN

Av Eivind Kierulf

Storerikvollen Turisthytte er en av de mest sentrale, ja kanskje det sentraleste punkt i hele vårt rutenett i Sylene. Dit kan man komme på dagen fra Ås i Tydal, Schulzhytta, Stordalen, Storlien, Blåhammarstugan, Sylstasjonen og Nedalshytta.

Dette fører til at når det er meget folk i fjellet kan det av og til bli ganske store beleggstopper på denne hytta. I påsken er det således svært alminnelig at belegget når opp i mot 100 personer. Jeg har personlig en gang vært der en natt da det ialt overnattet 143 personer. Når man så vet at hytta tidligere hadde 28 gjestesenger, så kan noen hver tenke seg at det blir temmelig smått om sengeplass.

Utvidelse av Storerikvollen har derfor lenge stått på tapetet, men da det var meget annet som også måtte gjøres, og utvidelsen av denne hytte som alt er utvidet flere ganger tidligere, var et meget vanskelig problem, har dette blitt utsatt inntil nå. Utallige er de planer som har vært diskutert for utvidelsen, og mange forslag er blitt tatt frem, men senere droppet igjen. Det ualminnelig store toppbelegg forekommer kanskje én eller to netter pr. år, og å bygge for dette og la det stå unyttet for resten av året ville være alt for kostbart. For imidlertid å bøte den verste mangel på sengeplass på en noenlunde rimelig måte er vi blitt stående ved å bygge en stor sovesal med 20 senger i ett. Denne blir som et tilbygg til hytta mot vest, der hvor vedboden tidligere sto. I tilknytning til denne sovesal blir der et eget vaske- og tørkerom for